



## Alver kontrollutval

### Saksframlegg til møte 11.02.2020

---

#### 01/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Saksopplysingar:**

Innkalling og sakliste vert lagt fram til godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**

*Innkalling og sakliste er godkjent.*

#### 02/20 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte

**Saksvedlegg:**

(1) Møteprotokoll frå møtet 02.12.2019

**Saksopplysingar:**

Det er vore gjort ein endring i møteprotokollen: under «Vara tilstade» var varamedlem Kolbjørn Lunga.

**Framlegg til vedtak:**

*Møteprotokoll frå møtet 02.12.2019 er godkjent slik den ligg føre.*



### 03/20 Skriv og meldingar

- a. Møteutskrift frå siste møter i kontrollutvala Meland, Lindås og Radøy:
- Møteutskrift frå Radøy kontrollutval, 20.11.2019
  - Møteutskrift frå Lindås kontrollutval, 27.11.2019
  - Møteutskrift frå Meland kontrollutval, 05.12.2019 og 18.12.2019
- b. Oppsummering frå perioden 2015 – 2019 (Meland, Lindås og Radøy)

#### **Saksopplysingar:**

a. Frå 01.01.2020 vart Alver kommune operativ etter samanslåinga mellom kommunane Meland, Lindås og Radøy. På grunn av samanslåinga og oppfølging av kommunane ut 2019, hadde kontrollutvala møter ut 2019. Møteutskriftene frå dei siste møta er lagt ved til orientering. (Saksvedlegg 2)

b. I Alver kontrollutval sitt møte 02.12.2019 i sak 06/19 fekk kontrollutvalet orientering om dei viktigaste sakene som har vore følgt opp i kontrollutvala i samanslåingskommunane i førre periode. Vedlagt er dei ferdigstilte oppsummeringsrapportane frå kontrollutvala til orientering. (Saksvedlegg 3)

#### **Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.*

### 04/20 Forvaltningsrevisjon: Risiko- og vesentlegvurdering

#### **Saksvedlegg:**

(4) Risiko- og vesentlegvurderingar – plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Alver kommune – prosess og timeestimat, KPMG

#### **Saksopplysingar:**

Kontrollutvalet skal seinast innan utgangen av året utarbeide ein plan som viser på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjoner. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen si verksemd, samt kommunen sine eigarskap, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4 om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Endeleg plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll vert vedteke av kommunestyret etter innstilling frå kontrollutvalet.

Alver kommune har inngått avtale med KPMG frå 01.01.2020, som mellom anna omfattar forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Alver kommune.



Revisor frå KPMG vil i møtet leggje fram den skisserte prosessplanen for arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingar og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Alver kommune.

**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet vedtek prosessplanen for arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingar og vidare prosess for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.*

**05/20 Reglement for utval, etiske retningsliner og teieplikt**

**Saksvedlegg:**

(5) Politisk styringsstruktur og reglement, 17.10.2019

**Saksopplysingar:**

Alver kommunestyret vedtok 17.10.2019 politisk styringsstruktur og reglement. Kommunelova gjer mynde og ramar for det politiske arbeidet i Alver kommune. Reglementet gjentar, presiserar og supplerar reglane innanfor ramane i kommunelova. Kontrollutvalet sitt ansvar, oppgåer og ramar følgjer av kommunelova kap. 23, og nokre av desse er omtala på side 13 i reglementet.

Kommunelova § 11-13 omhandlar innsynsrett i teiepliktige opplysingar, og er omtala i reglementet. Folkevalde har teieplikt om opplysningar som kommer fram i saker som er handsama i lukka møter og som er underlagt teieplikt etter lov. Dette gjeldt alle folkevalde, også kontrollutvalet som har utvida innsynsrett etter lova. Innsyn i saksdokument med teiepliktige opplysningar kan berre skje dersom det er naudsynt for handsaminga av ei konkret sak og forvaltningslova § 13 b første ledd heimlar dette.

Etiske retningsliner for Alver kommune er omtala frå s. 17 i reglementet.

**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek reglementet til orientering og kontrollutvalet stadfester med dette at dei er gjort kjende med lovkrava og det vedtekne reglementet for Alver kommune.*



## 06/20 Oppfølging av sak 55/19 Meland kontrollutval

### Saksvedlegg:

(6) Særutskrift frå sak 55/19, Meland kontrollutval

### Saksopplysingar:

Meland kontrollutval har i desember 2019 handsama ein forenkla forvaltningskontroll med grunnlag i ei motteken melding til utvalet, jf. sak 49/19 og 55/19. Særutskrift frå sak 55/19 er vedlagt saka. Møta vart lukka i handsaminga av saka med heimel i offentleglova § 13,24, forvaltningslova §13 og kommunelova §31.

Kontrollutvalet skriv i vedtaket i sak 55/19:

Kontrollutvalet meiner at prosessen i saka er kritikkverdig og ber rådmannen iverksetje tiltak for å innskjerpe krav til oppfølging av rutinar, habilitetskrav og dokumentasjon i organisasjonen.

Grunna samanslåing av Meland kommune ved årsskiftet, oversender kontrollutvalet vedtaket og revisjonen sin rapport til rådmann i nye Alver kommune.

Rådmannen vert beden om å føreta ein intern gjennomgang av saka og gje ei orientering om dette innan 1. mars til det nye kontrollutvalet for Alver kommune.

Revisjonssjef Janne Eraker frå Nordhordland Revisjon IKS vil i kontrollutvalsmøtet orientere om saka.

*Det vil vere føreslege at kontrollutvalet vedtek å lukke møtet under denne saka med heimel i kommunelova § 11-5, forvaltningslova § 13 og offentleglova § 13.*

### Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet takka for orienteringa og følgjer opp saka på neste kontrollutvalsmøtet 17. mars.*



**07/20 Årsrapport for 2019, Nordhordland kemnerkontor****Saksvedlegg:**

(7) Årsrapport for 2019 - Nordhordland kemnerkontor, 21.01.2020

**Saksopplysingar:**

Nordhordland kemnerkontor er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Lindås, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Samarbeidet har vore etablert som vertskommunesamarbeid utan nemnd etter kommunelova § 20-1, der Lindås kommune har vore vertskomune. Frå 01.01.2020 er Lindås, Meland og Radøy slått saman, og kemnarens nærmaste overordna i Alver kommune er økonomisjefen.

Skatteoppkrevjarane skal utarbeide årsrapport i samsvar med retningsliner gitt av Skattedirektoratet, jf. Skatteoppkreverinstruksen § 2-9 nr. 1. Årsrapporten skal omhandle korleis oppgåvene skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgiverkontroll er ivareteke ved skatteoppkrevjarkontoret.

Årsrapporten for 2019 gjeldt for kommunane Lindås, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Det har i 2019 vore 7,5 årsverk som benyttes til skatteoppkrevjarfunksjonen, samt ca 0,3 årsverk til innkreving av kommunale krav. Ressurssituasjonen og kompetansenivået vert vurdert som tilfredsstillande.

Skatteoppkrevjaren bekrefter at skatterekneskapet for 2019 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer.

Det arbeidast kontinuerleg med innkreving av alle forfalte skatte- og avgiftskrav, og det blir gjort tiltak for å avbryte foreldelse av krav.

Nordhordland kemnerkontor gjennomfører arbeidsgiverkontroll for alle deltakerkommunane, og har i 2019 også gjennomført arbeidsgiverkontroller for kommunane Gulen, Vågsøy og Solund. Tal gjennomførte kontrollar i 2019 var 92.

Kemnerkontoret har i 2019 gjennomført fleire byggeplasskontrollar saman med Arbeidstilsynet.

**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek årsrapporten for 2019 frå Nordhordland kemnerkontor til orientering.*



## 08/20 Melding til kontrollutvalet: Lovkrav i grunnskulen

### Saksopplysingar:

Det har komme melding til kontrollutvalet om grunnskulen.

Kontrollutvalsmedlem Karolina Vakt skjold vil i møtet orientere om dette.

*Det vil vere føreslege at kontrollutvalet vedtek å lukke møtet under denne saka med heimel i kommunelova § 11-5, forvaltningslova § 13 og offentleglova § 13.*

### Framlegg til vedtak:

*Ingen framlegg til vedtak.*

## 09/20 Melding til kontrollutvalet: Manglande svar frå kommunen

### Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har motteke ei melding frå ein innbyggjar om Lindås kommune si oppfølging av ei sak. Meldinga gjeldt manglande tilbakemeldingar/oppfølging ved førespurnader til kommunen.

Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan, og har ikkje mandat til å sakshandsame enkeltsaker. Dersom det kjem innspel som kan tyde på feil og manglar, kan kontrollutvalet ta med aktuelle punkt i vurderingar av kontrollområder.

Meldinga vert lagt fram for kontrollutvalet som ei orientering til vurdering av eventuell vidare oppfølging.

### Framlegg til vedtak:

*Ingen framlegg til vedtak.*



## 10/20 Budsjettramme 2020 - kontrollutvalet

### Saksopplysingar:

Vedteke budsjettramme for 2020 til kontrollutvalet er 2 270 000 kr, jf. KS sak 059/19. Budsjettramma skal dekke utgifter til revisjon, kontrollutvalssekretariat, opplæring av kontrollutvalsmedlemmer og utgifter ved møteaktivitet.

Kontrollutvalet vil få orientering om rekneskapstala undervegs i 2020.

### Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

## 11/20 Møteplan 2020 - Kontrollutvalet

### Saksopplysingar:

I førre møtet vart møtedatoar for 2020 vedteke:

11. februar, 17. mars, 21. april, 26. mai, 8. september, 20. oktober og 17. november.

Det er komme innspel om å flytte møtedato i april.

### Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet vedtek endring i møteplanen med ny møtedato i april.*

## 12/20 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

### Saksopplysingar:

Sekretariatet vil i møtet orientere om rutiner kring gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval.

### Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.*

## 13/20 Eventuelt

*Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.*